

VEDTEKTER FOR RAUMA HISTORIELAG

Vedtatt på styremøte 20.02.2008. Revidert på årsmøtet 22.03.2012, 11.03.2015, 10.04.2018, 02.04.2019

§ 1 Formål

Laget har til formål å synleggjere og dokumentere eldre kultur og levevis i Rauma, og arbeide for å knyte band mellom fortid og notid.

§ 2 Medlemskap

Medlemmer er alle som betalar årskontingenten som til kvar tid er fastsett av årsmøtet. Det er to typar medlemskap: Ordinært medlemskap og familiemedlemskap. Som ordinært medlem får ein fritt tilsendt eitt eksemplar av årboka. Familiemedlemskap kan teiknast av personar i ein husstand som har eit ordinært medlem. Familiemedlemskap gir ikkje rett på årbok. Medlemskap opphører ved manglende betaling av kontingent etter purring.

§ 3 Skrifter

Kvart år gir laget ut Årbok for Rauma. Årboka blir sendt til dei medlemmene som har betalt kontingenten for dette året. Laget kan også gi ut andre publikasjonar.

§ 4 Styret

Eit styre på fem medlemmer blir valt på årsmøtet. Leiaren blir vald ved særskilt val for eitt år. Dei andre blir valde for to år, såleis at to går ut skiftevis. Styret vel nestleiar, skrivar og kasserar. Styret er vedtaksført når leiar eller nestleiar og minst to andre styremedlemmer er til stades. Leiaren bind laget økonomisk med si underskrift.

§ 5 Skriftnemnda

Rauma historielag gir ut ei årbok kvart år. Dette arbeidet blir styrt av ei skriftnemd. Medlemmene i nemnda blir valt av årsmøtet. Skriftnemnda har det redaksjonelle ansvaret for årboka. Leiaren møter fast i styret og har møte- og talerett. Nemnda sjølv vel leiaren av skriftnemnda. Leiar er samstundes redaktør av årboka.

§ 6 Årsmøte

Årsmøtet skal haldast innan 1. mai kvart år, og innkallinga skal vere minst 2 veker før. Årsmøtet skal behandle desse sakene:

1. Styret sitt framlegg til årsmelding
2. Revidert rekneskap
3. Styret sitt framlegg til arbeidsprogram og budsjett
4. Fastsetting av årskontingenten for neste kalenderår
5. Eventuelt innkomne saker. Desse må vere styret i hende seinast 2 veker før årsmøtet
6. Val:
 1. Leiar – for eitt år
 2. To styremedlemmer – for to år
 3. Tre varamedlemmer til styret i prioritert rekkefølge – for eitt år

4. Revisor – for eitt år
5. Skriftnemd på minimum fem medlemmer for to år
6. Valkomit e p a tre medlemmer – for eitt  ar innstilles av styret

Stemmerett p a  arsm otet har alle som har betalt  arskontingenten f or m otet.  arsm otet sj olv avgjer om nokon kan stemme med fullmakt.

  7 Endring av vedtektene

Framlegg til vedtektsendring m a vere styret i hende innan 1. februar, og m a p a  arsm otet ha eit fleirtal p a 2/3 av dei framm otte for   bli vedtatt.

  8 Ekstraordin ert  arsm ote

Ekstraordin ert  arsm ote skal haldast n ar styret gjer vedtak om det, eller minst 1/3 av medlemmene krev det. For innkalling og m otevarsel gjeld reglane som for ordin ert  arsm ote. Ekstraordin ert  arsm ote kan berre ta opp saker som er kunngjorde i innkallinga. 

9 Oppl oying

Laget kan l oyast opp n ar to  arsm ote p a rad har gjort vedtak om det med 2/3 fleirtal. Ved oppl oying, eller etter 3  ar utan  arsm oter, vil eventuelle aktiva tilfalle Rauma Folkebibliotek.